



Jobbnorge-ID: 150402

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førstekonsulentar - vikariat

SIU har ledig to vikariat i 100 % stilling som førstekonsulent, knytt til Avdeling for internasjonalsisering høgare utdanning, som følgje av avvikling av foreldrepermisjon. Tilsetjing etter nærmare avtale og seinast 1.august 2018. Vikariata varer fram til 01.april 2019, og kan bli forlenga.

SIU administrerer ei rekkje internasjonale samarbeidsprogram på vegne av ulike oppdragsgjevarar. Det er høgt prioritert å auke norsk deltaking i EU-programmet Erasmus+, samt å styrke samarbeidet med prioriterte samarbeidsland utanfor Europa. Det er også viktig å styrke koplinga mellom forskning, utdanning og arbeids- og næringsliv i internasjonalt utdanningssamarbeid. Utover dette er det og viktig å bidra til å auke den internasjonale studentmobiliteten i norsk universitets- og høgskulesektor.

Arbeidsoppgåvene er mellom anna knytt til forvaltning Erasmus+ og NORPART (Norwegian Partnership Programme for Global Academic Cooperation). Arbeidsoppgåvene omfattar utlysing av midlar, gjennomføring av søknads- og rapporteringsrundar, samt oppfølging av prosjekt- og sekretariatsarbeid som fannar om tenesteyting og rettleiing. Bruk av våre administrative IKT-system vil vere sentralt, og vi søker difor kandidatar med digital kompetanse.

Krav til søkjar

- Utdanning på bachelornivå og/eller tilsvarende realkompetanse
- Relevant arbeidserfaring
- Gode norsk- og engelskkunnskapar, både skriftleg og munnleg
- God digital kompetanse

Ønska tilleggskvalifikasjonar

- Arbeidserfaring frå offentleg forvaltning
- Arbeidserfaring frå norsk universitets- og høgskulesektor
- Kjennskap til internasjonalt utdanningssamarbeid
- Kjennskap til EU og EUs system
- Kjennskap til utdanningssamarbeid med sør
- Språkkunnskapar utanom engelsk

Personlege eigenskapar

- Evne til å arbeide både sjølvstendig og i team
- Initiativrik, systematisk og serviceinnstilt
- Godt eigna og motivert for arbeidet og stillinga

SIU tilbyr eit uformelt, travelt og faglig utfordrande miljø med høve til opplæring og fagleg utvikling.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Innhaldet i stillinga kan bli endra som følgje av omstillingar i SIU. SIU er IA-verksemnd.

Stillinga vert lønna som førstekonsulent (kode 1408) innan lønsspenn kr 416 600 - 482 500, etter kvalifikasjonar. Trekk til pensjonstilskot i Statens pensjonskasse er på 2 %.

Arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet og utnytte potensialet i folkesetnaden si samla kompetanse. Vi oppmodar difor kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring til å søkje jobb hos oss.

Dersom søkjar vil reservere seg frå oppføring på offentlig søkerliste, må dette grunngjevast. Opplysningar om søkjar kan gjerast offentlig sjølv om søkjar har bede om konfidensiell behandling. Søkjaren vert varsla dersom ønske om reservasjon ikkje vert imøtekome, jf. offentliglova § 25.

Spørsmål om stillingane kan rettast til avdelingsdirektør Vidar Pedersen, tlf. 413 02 809, eller avdelingsdirektør Else Kathrine Nesmoen, tlf. 911 27 010. Vidare kan ein òg vende seg til personalsjef Tone Stiansen, tlf. 934 67 877, for generelle spørsmål om stillinga.

Søknad og komplett CV med oversyn over utdanning og tidlegare praksis, vedlagt skanna vitnemål og attestar skal leggst inn via link på denne sida (Jobbnorge)

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: